



Eivind Fykse
Stranda 630
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1527 - 23/18896

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
08.03.2023

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 14/1 Nedreås

Tiltak: Søknad om arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 14/1
Tiltakshavar: John Fykse
Heimelshavar: Eivind Fykse

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.02.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må leggjast fram gjenpart av nabovarsel.
2. Søknaden er sendt inn før fristen for å komma med nabomerknader var ute. Det må gjerast greie for om det er komen nabomerknader og desse må eventuelt kommenterast og sendast inn.
3. Det må leggjast fram nabosamtykke/ avstandserklæring for grense nærare enn 4 meter frå bygg på naboeigedom. Skjema som kan nyttast finn er vedlagt.
4. Det må avklarast om søknad om dispensasjon også er meint gjelda søknad om dispensasjon frå byggje- og delegrense mot sjø jf. Pbl. § 1-8. Om ikkje må det søkjast om slik dispensasjon. Gjer merksam på at ein dispensasjonssøknad bør innehalde argument for at omsynet bak føresegna ikkje vert vesentleg sett til side ved at det vert gjeve dispensasjon. Og argument for at fordelane med ein dispensasjon er klart større enn ulempene. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)
5. Areal som vert søkt arealoverført ligg innafor faresone H310 (Ras- og skredfare) i kommunedelplan for Lindås. I føresegna til kommunedelplanen punkt 4.1.3 er det sett krav om at før det mellom anna kan gjevast løyve til arealoverføring skal gjerast ei geologisk vurdering av risiko for ras. Slik vurdering må leggjast fram.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 16.04.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboerklæring(645269)

Mottakarar:

Eivind Fykse
John Fykse

Stranda 630
Stranda 625

5993 OSTEREIDET
5993 OSTEREIDET